# Svar på inntak til vidaregåande opplæring

Svar på inntak til vidaregåande opplæring
Svar på inntak til vidaregåande opplæring vil vere klart 9. juli, og svarfristen er 16. juli.

Svar på tilbod skal gjerast på vigo.no og søkjarane må bruke sitt personlege passord eller PIN-kodar til MinID for å gå inn og svare.

Dersom ein har mista sine PIN-kodar til MinID må ein kontakte Skatteetaten. Ein må huske at PIN-kodar til MinID blir sendt til den folkeregistrerte adressa, og det kan ta nokre dagar før ein får desse i posten.

Dersom ein har gløymt passordet sitt kan ein prøve å få nytt via vigo.no, og dersom det ikkje går må ein kontakte MinID

Dersom ein ikkje går inn og svarar på tilbod om skoleplass eller ventelisteplass innan fristen 16. juli mister ein tilbodet og har ikkje krav på å få eit nytt.

Utdanningsavdelinga vil sende ut SMS med påminning om at inntaket er gjort til dei søkjarane som har lagt inn sitt mobilnummer på søknaden på sin, men søkjaren treng ikkje å få ei slik påminning for å gå inn og svare på tilbod. Inntaket vil vere synleg på vigo.no frå og med 9. juli.
Søkjarar som ikkje har lagt inn mobilnummer på søknaden sin vil som før få svar med svarslipp i posten. Dei kan enten sende oss svarslippen per post, eller gå inn på vigo.no for å svare.

Søkjarane kan også legge inn førehandssvar på vigo.no dersom dei veit at dei er bortreist på ferie og ikkje vil ha tilgang på Internett når svaret om inntak kjem. Dersom ein legg inn førehandssvar treng ein ikkje svare innan svarfristen, men kan gå inn og sjå kvar ein har fått tilbod om plass, samt dato og tidspunkt for oppmøte ved skolen når ein kjem heim att frå ferie.




2010.06.25 9:45

Nei